

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hinnherad

Emne: Gamal engkultur

Bygdedal: Omvikedalen

Oppskr. av: Arne Stuland

Gard: Stuland m.fl.

(adresse): Rommetheit.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Eller eigi røynsle*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Ein brukte ordi eng og utslætter. Ei ekre er eit stykke eng som ein gong hev vore øker, like eins attlegg. Namnet ljukkeng var brukt, og namnet sek brukte ein på eng der tö:van seig ifrå tunet eller fjøset. Småeng og skrapa-slatta var brukt, det siste um sers bunn og myrdja eng (steinutt o.l.). Langhøy og småhøy var i bruk var i bruk. Det siste var også nemnt for smalhøy, då dei gav det til sauvar og geiter. Enghøjet (langhøjet) skulle særleg kyrne ha. Namnet sekahøy var i bruk på høyet fra sek og myrahøy - fra myrer. - Høyet fra utslættene heitte vanleg slættehøy. Det var berre på heimebøen ein kunde brukte langorr og tala um langorsslatt, skrapslatten heime og utslættene var tangarskuttarors = slatt.

2. På eng og utslætter rydja ein burt burre busker og lauv, raka det i dungar og brende det opp eller bar det burt på røysar der "rona'n" (rudnaden) låg og rotna burt. Ein rydja um våren. (Rona' = rudningsdyngja) Oka brukte dei til gjødsel på eng. Småstein etter skrederas t. d. varp pitla eller raka fra eng og utslætter.

3. Mosen kunde horvast burt med vanleg horv eller lyngst med sterkt gjødsling t. d. med kuland. Ein kunde så høgfa i attlegg og etter mosen var burte. Høgfaet

fekk ein frå lôða der ei med eit haresold reinska det frå strå og anna avfall frå høytalet. Kjapt grasfræ var ukjent - for det meste. Det fyreste fræ som kjapt kom til bygdi var timotei, - fyre det vart store skiftebruk.

4. Små veitar i overflata på myrer kann ein sjå, men hol=veitar under grastorva var det komme for umlag eit hundrad år sidan i 1850-60 åri. Ned frå dei bratte lidenne kring Omvikdalen sig det gjerne vatn. Dette - liareget som det vart kalla - kunde ved små veitar i grassorden verta leid inn på burre ryggjer der småhøyet veks. Det var hevd i liareget, mein dei. Det hende nok og at dei kasta hevd frå ~~ut~~ utefjos på mark som vart vatna på denne måten.

5-6. I gamal tid vistnok ikkje. Gjödsling på åkrar og "god bö" heime tok bil so smått i 1870 åri, da ein med å blanda burr myrtorr i kugjödsla til bruk på åkrane fekk noko mòk til overs til å ha på åkrar og annor engbø. Nokon viss port er ikkje sagt. Smalemel (burr smalemòk) kunde ein sjå mykje i bruk til engjödsla. Husbonden gav bod um kor mange lass på åker og på bö. Sladen der lasset skulle leggjast vart merkt med synlegt merke (merkingi heitte å fàra). Høyet frå hevda eng heitte tò-høy.

7. Ja, Ordet ein brukta var sèk, som ovanfyre sagt. Ein grov gjerne små veitar til å spreida sekavarabnet åkrane låg mykje på haugar og ryggjer, vel mest av di at den ofte vasslunge jordi ikking libe hørde til kornvoksbrar.

8. Ein gjödsla um våren med same reidskapen som til åker gjödsling. Ein køyrdé mòki på åkrar og eng med mòkslede (mòkkolede) i gamal tid bil 1870-80 åri. Mòksleden var flats og runda i botnen og låg lågt på meidane. Lasset velte ein or med å krelva sleden med ein lang staur som ein stakk inn under sleden. seinare kom vanlege hjerror med fir-

kanta karm, ei fjöl til å ta vekk ved avlæringi, då karmen vert lyfta framme um ein åse (åse = ei jarnstang). Husmenn drog ut gjödsla på handkjerra. Spreidindi gjekk fyre seg med greip, i gamal tid til 1880 åri tre = greip med 3 bør, men seinare jarngreip. Huldringi gjorde ein med mylderiva - med joartindar eller hjukke bindar av ask - på åkeen, men vanleg <sup>hjup</sup> riva på engi, eller ein høye de lausbukkar (sloda) yver det herda engosbykke, høyde att og fram til herdi var muldra i smått. Dette kann ein sjå soleis enno, medan mosehøver kom i bruk kring 1900. Arbeidet med å muldra moki heitte "revla mok". Å høgra og spreida gjödsla ut heitte "å mohkja".

9. Husdyri fekk beita all engi både haust og vår, men berre smålevande. Hylr og hestar fekk beita heimebøen berre um hausten etter mikkjelsmess - vanleg. Det var nok for å skryba på vinterforet og få mykje avdropp medan "beitst giek i hæ". Dei meinste at når sauene tok vårbeite på bøen so vart graset betare og dermed meire til sumaren. Turrande kunde deit og vera å sleppa smålevandet på heimebøen der graset kom tillegg fyre seg i "vårknipa". Når dei um hausten tok kyrne heim på bøen, heitte det "å sleppa bø" eller "å sleppa heim". Ingen skilnad på vårbeite og haustbeite.

10. Fra ikking 1920 og bidlegare her det minka mykje med beitingi på heimebøen.

11. Ein hende gong kunde ein spreitta i soveri mok med ein påk, men namn er ukjent.

12. Krøteri "lag ube" på stolane der dei vart mjølka kveld og morgen. På sume gardar var det sumarfjos, men lendet i bygdi er soleis at utslåttone ligg so ufort til at det ikkje kann høva med sumarfjos. I gamal tid til kring 1840-50- var krøteri um kveldane samla inn på "kvior", inngjerde vollar, eller bjørnskvior "som dei

og kunde nemast, av di dei skulde vera til å verja kroteri mot bjørn og udyr. Ottast ein for at bjørnen kunde koma, gjorde ein gjerne upp eld på kria og heldt vakt um natt.

13. Ovannemnde „ingjerde“ heitte kria. Det var ei krida for alle bruk i garden. Gvirar som kunde flyttast var det ikkje i Områdetalen. Gjerdet var mykje av stein og soleis ikkje bil å flytta. Gvirar av grunder hadde ein bil å samla inn sauene i, når dei vart samla heim or fjellet um hausten. Dei er få ny bid, men vart sjeldan flytte, - det var berre samlekvirar i bruk ved sauersamlings bid.

14. Fell burt.

15. Sjå nr. 12. „Tillemann“ er ukjend.

16. Vakt ved „bjørnskria“ berre når ein ottast at bjørnen var nære. Ikke vakhytta. Slutt i 1830 ári.

17. Fell burt.

18. Hei.

19. Ordet bred er i bruk og byder eit ingjerda stykke jord, på heimebøen nære utmarki eller i utmarki, og brukast ofte til beite for kalvar (kalvabre'). Tre' er namnet på husmannsplass og. Stol kann vera namn på eit ingjerdt stykke bø, er eit stadnamn, oftast på den staden der ein mjölkar kyrne.

20. Sum (fæ) stader var der stolsbrede i gammal tid, no ikkje. Stolsslatten er det slutt med, det vantar arbeidsfolk og vil ikkje løna seg. Stolsbretet vart ikkje gjødsla.

21. Engi vart herda herda med arka når orka fanst; dei „sædde“ orka med handi. Omor gjødsling utan husdyrherd var det ikkje tilgjeinge på.

Torr or myrholt dei spadde opp, vart bruka turka til å blanda i kugjødsla frå 1830-40 ári.

Hord.  
Kvinnherad


I samarbeid med  
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING  
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKE MUSEUM  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mykt at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsår nokon i Dykkar bygd noko om det ? Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Nei.

Har ein brukta kumøkk til brensel ? Nei

Arne Staland

2878

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING